

S E L S K A P S A V T A L E

F O R

SAHARA (SANDØY/HARAM) INTERKOMMUNALE VASSVERK IKS

Dgs. 27.11.2003

§1

NAMN PÅ SELSKAPET

Selskapet sitt namn er SAHARA (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk

§2

EIGARAR

Selskapet er eigd av følgjande kommunar:

Haram kommune
Sandøy kommune

Dei einskilde kommunane deltek i selskapet med følgjande eigardelar:

Haram kommune	55,5 %
Sandøy kommune	44,5 %

§3

SELSKAPET SITT FØREMÅL

Selskapet sitt føremål er å bygge, eige og drive eit felles vassverk basert på utnytting av Lille og Stor Hestevatnet som forsyningskjelde. Dette kan skje i eigen regi eller i samarbeid med andre vassverk.

Selskapet skal levere vatn til heile Sandøy kommune og ytre delar av Haram kommune.

Etter avgjerd i kommunestyra i eigarkommunane så kan også andre oppgåver og tenester leggst til selskapet.

§ 4

EIGEDOMAR

SAHARA sine eigedomar omfattar:

- Reinseanlegget i Alvestadbotn (gnr. 28, bnr. 67 og 68)
- Leidningsnettlet frå inntaket i Store Hestevatn, via reinseanlegget i Alvestadbotn til Flemsøy/Skuløy og vidare til Fjørtoft. Grensa for leidningsnettlet er til og med ilandføringskummen på nordsida av Fjørtoft. Leidningsnettlet omfattar totalt ca. 10,2 km sjøleidningar og ca. 7,3 km leidningar på land.

§5

FORRETNINGSKONTOR

Selskapet har sitt forretningskontor i Haram kommune.

§6

REKNESKAP

Det skal førast rekneskap for selskapet si totale verksemd.

Selskapet sine kostnader skal finansierast av eigarkommunane etter det forbruk av vatn som dei har.

Rekneskapen skal førast i samsvar med reglane i kommunelova.

§7

REPRESENTANTSKAPET

Selskapet sitt øvste styrande organ er representantskapet.

Representantskapet skal ha 2 medlemmar (eitt frå kvar av kommunane) som er valde av kommunane som deltek i selskapet. Kvar kommune vel også eitt varamedlem. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap gjer leiaren si stemme utslaget. Om vedtaket gjeld val av leiar så blir valet ved stemmelikskap avgjort med loddtrekning. Representantane blir valde for 4 år, samsvarande med kommunestyret si valperiode. Val skal skje seinast 30. nov. i valåret.

Representantskapet skal kallast saman til første møte etter valet seinast 30. desember i valåret av leiaren i styret for selskapet, til konstituerande møte. På det konstituerande møte vel ein leiar og nestleiar. På same møte legg ein møteplan for representantskapet sine møte for det følgjande året. Innkalling skal skje med minst fire vekers varsel og skal innehalde saksliste.

Representantskapet kan fatte vedtak når alle representantane er til stades.

Styret sin leiar og dagleg leiar har plikt til å møte i representantskapet. Resten av styret har møterett. Både styret sine medlemmer og dagleg leiar har talerett i representantskapet.

Representantskapet sitt mynde er i samsvar med lov om interkommunale selskapet, jfr. § 7. Representantskapet skal:

- velje 3 medlemmar med varamedlemmar til styret
- velje styret sin leiar og nestleiar
- vedta selskapet sine mål, budsjett og økonomiplan for neste år seinast 15. desember kvart år.
- godkjenne rekneskap og behandle styret si årsmelding i same møte som rekneskapen blir godkjent. Årsmeldinga og rekneskapen skal normalt behandlast innan 20. februar, og seinast 30. april året etter rekneskapsåret
- gjere eventuelle vedtak om å kjøpe, selje eller pantsette fast eigedom
- gjere vedtak om å gjennomføre investeringar som er vesentleg for selskapet eller ein eller fleire av eigarane
- velje revisor
- fastsette godtgjersle til representantskapet og styret sine leiarar, og til baa organa sine medlemmar

Det skal haldast minst to møte i representantskapet kvart år.

§ 8

STYRET

Styret har 3 medlemmer med varamedlemmer, som er valde av representantskapet for 4 år.

Representantskapet vel leiar og nestleiar.

Styret skal setjast saman med minst eitt medlem og eitt varamedlem frå kvar av kommunane som deltek i selskapet.

Ordinært val skjer på det møte i representantskapet som behandlar budsjett og økonomiplan.

Styret trer saman når leiaren bestemmer det, eller når minst eitt av styret sine medlemmar eller dagleg leiar forlangar det. Innkalling til møte skal skje med minst 5 dagars varsel.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Ved stemmelikspa gjer møteleiaren si stemme utslaget.

Styret kan sette ned utval. Styret kan delegere mynde til dagleg leiar.

Forvaltninga av selskapet høyrer under styret.

Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningsliner fastsett av representantskapet, og sørgje for at bokføringa og formuesforvaltninga er gjenstand for trygg kontroll. Styret har det overordna HMS-ansvaret i selskapet.

Styret skal m.a.:

- føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda
- utarbeide framlegg til budsjett, økonomiplan, årsrapport og rekneskap i revidert stand til representantskapet
- gi innstilling til representantskapet
- vedta selskapet sin organisasjonsplan
- treffe vedtak om disponering av fondsmidlar
- tilsette/seie opp selskapet sine tilsette (unntatt revisor) og fastsette deira løn og arbeidstilhøve i den grad dette ikkje er delegert
- inngå samarbeidsavtalar i den utstrekning dette ikkje må gjerast av representantskapet

Styret sitt mynde følgjer av lov om interkommunale selskap, jfr § 13 og selskapsavtalen.

Er styret av den meining at det ikkje kan ta ansvar for å gjennomføre sine oppgåver innanfor dei rammene som budsjettet og planar vedtekne av representantskapet eller kommunestyra set, pliktar styret å stille sine plassar til disposisjon, etter først ein gong å ha lagt saka fram for representantskapet til ny behandling.

Styret representerer, innan sitt mandat, kommunane i spørsmål som er omfatta av delegasjonsinstruks, i samsvar med selskapsavtalen.

Styret legg fram melding om selskapet si verksemd kvart år saman med framlegg til rekneskap.

Selskapet vert forplikta med underskrift av styret sin leiar eller dagleg leiar (etter fullmakt).

§ 9

DAGLEG LEIAR

Dagleg leiar skal tilsetjast av styret. Styret fastset dagleg leiar si godtgjersle. Funksjonen som dagleg leiar kan kjøpast.

Dagleg leiar får delegert mynde frå styret, innanfor rammene for styret sin kompetanse.

§ 10

INNSKOT

Utbyggingskostnader, herunder all planlegging, skjønnsutgifter og erstatningar, blir finansiert ved at medlemskommunane tilfører selskapet dei nødvendige midlane med etter avtale mellom eigarane i det einskilde tilfelle.

Allereie påløpte utbyggingskostnader vert framleis handtert av den einskilde eigarkommune

§ 11

LÅN

Representantskapet kan beslutte at selskapet kan ta opp lån, og pantsette selskapet sine egedelar for å gjennomføre investeringar, eller styrke likviditeten. Lånet må ha heimel i vedtak i kommunestyra i eigarkommunane. Økonomiplanen må vise korleis betjeninga av lånet skal innarbeidast i selskapet sin økonomi. Dersom det vert gjort opptak av lån utanom vedteken økonomiplan, skal denne reviderast i samband med avgjerda om å ta opp lånet.

Kommunane er utad proratisk ansvarlege for dei lån selskapet tek opp i samsvar med dei fordelingsnøklar ein avtalar jfr. § 10, 1. ledd.

§ 12

ETABLERING AV FOND

Selskapet kan bygge opp fonds for gjennomføring av investeringar og til nødvendig driftskapital.

Fondsoppbygginga skal stå i høve til selskapet sine oppgåver og plikter.

§ 13

UTTREDEN

Uttreden skjer etter føresegnene i lov om interkommunale selskap § 30.

Ein kommune kan med eitt års skriftleg varsel krevje seg løyst frå selskapet.

Fastsetjing av vilkår for uttreden, herunder spørsmålet om utløysingssum, eventuelt garantiansvar etc., skal gjerast av ei valdgiftsnemnd på 3 medlemar, oppnemnd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

§14

AVVIKLING

Selskapet kan oppløysast dersom deltakarane er einige om det. Dei einskilde kommunestyra må sjølv treffe vedtak i saka.

Oppløysninga av selskapet må godkjennast av departementet, som kan gje nærare føresegner om avviklinga.

Dersom departementet samtykkjer i oppløysinga, skal representantskapet oppnemne eit avviklingsstyre, som skal gjennomføre avviklinga innan den frist representantskapet fastset. Selskapet sitt styre trer ut av funksjon når avviklingsstyre er vald.

Om oppløysing og avvikling gjeld lov om interkommunale selskap (§§ 32-37).

§15

UTVIDING

Nye kommunar kan takast opp som medlemar i selskapet. Dette krev at alle tilslutta kommunar gir sitt samtykkje.

§ 16

RETT TIL INNSYN

Deltakarkommunane sine kontrollutval har rett til innsyn i alle tilhøve vedrørande selskapet.

§17

OFFENTLIGHEIT

Offentlighetslova sine bestemmelsar gjeld for selskapet.

§ 18

LOV OM OFFENTLEGE INNKJØP

Selskapet vert rekna som eit offentleg organ etter lova, og lova gjeld difor for selskapet. For dotterselskap vert det gjort ei sjølvstendig vurdering ut frå deira rolle og verksemd i samsvar med føresegnene i lova.

§ 19

ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN

Endring av selskapsavtalen kan gjerast av representantskapet med 2/3 fleirtal. Det er ein føresetnad at samtlige deltakarkommunar er til stades ved avrøystinga. Dette gjeld ikkje følgjande paragrafar i denne avtalen:


§§1, 2, 3, 5, 7, 8, 10, 11 og 19, som krev vedtak i kommunestyra.

§ 20

TVISTAR

Tvist om forståinga av denne selskapsavtalen kan gjerast med bindande verknad ved valgift etter tvistemållova sine reglar.

**SAHARA (SANDØY/HARAM) INTERKOMMUNALE
VASSVERK
ORGANISERING**



Alle desse funksjonane kan kjøpast av Haram kommune, eller av andre leverandørar.